

Til naboar, gjenbuvarar og offentlege og private høyringsinstansar.

Vår ref.: B18001ME-Varslingsbrev

Godvik den: 22.09.18

NY VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR NESE gnr. 6, bnr. 30 og 41 m. fl.– FJELL KOMMUNE

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert det varsla oppstart av detaljregulering for NESET, gnr. 6, bnr. 30 og 41 m. fl.– NESE, i Fjell kommune.

Varsel om oppstart av planarbeid blei sendt ut første gong i juli 2012. Med bakgrunn i at planarbeidet ikkje vart fullført i påvente av ny kommuneplan og at planområdet no er utvida, vert det med dette varsla på nytt.

Sjå også vedlegg nr 1 for nærmare skildring av grunnlag for plansaka

Reguleringsplan:


Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som syner bruk, vern og utforming av areal. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:

Vidar Taranger er tiltakshavar.

Stracon AS er konsulent for reguleringsplanarbeidet.


Planområdet:



Planområdet er ca
6,4 daa.

KPA Fjell kommune

Området er i kommuneplanens arealdel for Fjell kommune vist som LNF med spreidd busetnad, LNF område og naust.



Reguleringsplanen sitt føremål:

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for 3 nye naust i forlenging av eksisterande naustområde.

Følgjande tema vil bli vurdert og avklart i planprosessen:

- Formål og utnytting
- Interesser til naboar
- Terreng og fjernverknad
- Friluftsiinteresser
- Tilkomst

Planområdet vist i kartløyisinga til kommunen finn du her:

<https://kart.offentleg.no/Content/Main.asp?layout=fjell&time=1537179794&vwr=asv>

Merknadar til oppstartsmeldinga:

Merknader og opplysningar som kan vera interessante for planarbeidet kan sendast til: post@stracon.no, eller til Stracon AS, Leirvikflaten 15b, 5179 Godvik.

Referanse: 6841 – Detaljregulering Nese.

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar til Fjell kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vil følgja planforslaget når planen vert sendt til kommunen for behandling.

Merknadsfrist:

Frist for å komma med merknader er sett til **03.12.18**

Vidare saksgong:

Alle merknadar som vert sendt inn skal vurderast av forslagstillar. Etter at meldingsfristen er gått ut vil sjølve planframlegget bli utarbeidd, for deretter å bli sendt til Fjell kommune for vurdering og saksbehandling.

Etter første gongs handsaming i komité for plan og utvikling, vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker. Det vil då vera mogleg å komma med merknader til planframlegget før vidare politisk behandling.

Heile planprosessen kan følgjast via postlistene til Fjell kommune. Søk etter saksnr. 18/2903 her:

<http://sak.fjell.kommune.no/elnsyn/registryentry>

Med vennleg helsing



Magnar Eide

Vedlegg

Kopi til forslagstillar